

# Møteprotokoll for Formannskapet

**Møtedato:** 23.03.2022  
**Møtestad:** Heradsstyresalen  
**Møtetid:** kl. 13:00 - 17:30

<b>Frammøtte medlemmer</b>	<b>Parti</b>	<b>Rolle</b>
Lars Fjeldstad	SP	Ordfører
Hjalti Heimir Gislason	H	Varaordfører
Rita Aud Tveiten	AP	Medlem
Alexander Thunestvedt	AP	Medlem
Turid Bjørndal Njåstad	SP	Medlem
Ragnar Tyssebotn	FRP	Medlem

<b>Forfall meldt frå medlem</b>	<b>Parti</b>	<b>Rolle</b>
Tone Mjelde	SV	Medlem
Ellinor Therese Birkeland	FRP	Medlem
Jarle Skeidsvoll	KRF	Medlem

<b>Frammøtte varamedlemmer</b>	<b>Parti</b>	<b>Erstatter medlem</b>
Roald Åge Kleppe	SV	Tone Mjelde
Henrik Øksnes	FRP	Ellinor Therese Birkeland
Bjarte Hammer Aarland	KRF	Jarle Skeidsvoll

---

**Følgjande frå administrasjonen møtte: Rådmannen, politisk-adm.sekretariat, Kommunalsjef for Oppvekst, Undervisning og Kultur, Leiar for familiens hus, kommunalsjef for samfunnsutvikling, prosjektleiar Region Nordhordaland IKS, leiar for Plan-avdelinga og kommunalsjef for Helse, Omsorg og Sosial.**

---

## Sakliste

Saknr	Tittel
024/22	Godkjenning av innkalling og sakliste
025/22	Godkjenning av møtebok
026/22	Referatsaker og meldingar
1	Løypemelding KDP Idrett og fysisk aktivitet
2	Forskrift om minsteareal for hjort - vedtak 027/22 frå PT-utvalet til orientering
027/22	Konkurransetsetting av reinhaldstenesta i Osterøy kommune
028/22	Utvidelse av parkeringsplass på Båtaleitet
029/22	Regional transportplan - Innspel frå Osterøy kommune til økonomisk handlingsprogram og investeringsprogram 2022-2033
030/22	Oppstart prosjekt Omsorg+
031/22	Oppstart planarbeid - Temaplan for naturmangfald
032/22	Samarbeidsavtale om interkommunalt vertskommunesamarbeid for Osterøy og Vaksdal barnevern
033/22	Utbetaling av vedteke tilskot til Fotlandsvåg IL
034/22	Kapitalinnskot - Osterøy utvikling
035/22	Hamre kyrkjestad - 1000 år
036/22	Andre saker/spørsmål
037/22	Busetting av flyktingar 2022

## **024/22: Godkjenning av innkalling og sakliste**

**Rådmannen sitt framlegg:**

**Innkalling og sakliste vert godkjent.**

### **23.03.2022 FORMANNSKAPET**

Ordføreren informerte om at det er kome inn to spørsmål i forkant av møte frå Tone Mjelde, SV, og Turid B. Njåstad, SP, som vil takast til slutten av møte under sak 036/22.

Det var elles ingen merknader til innkalling og sakliste

### **FS - 024/22 VEDTAK:**

**Innkalling og sakliste vert godkjent.**

---

## **025/22: Godkjenning av møtebok**

**Rådmannen sitt framlegg:**

**Møteprotokoll frå 16.02 og 23.02.2022 vert godkjend.**

### **23.03.2022 FORMANNSKAPET**

Det var ingen merknader til møtebøkene frå 16.02 og 23.02.2022

### **FS - 025/22 VEDTAK:**

**Møteprotokoll frå 16.02 og 23.02.2022 vert godkjend.**

---

## **026/22: Referatsaker og meldingar**

**Rådmannen sitt framlegg:**

**"Referatsakene vert tekne til vitande."**

### **23.03.2022 FORMANNSKAPET**

**RS2:**

Rita Tveiten, AP, gjorde slikt framlegg: Administrasjonen kjem attende til formannskapet om korleis ei finansiering av ei kompetanseheving innan vilt og skogforvaltning kan løysast. Saka bør kunne vedtakast endeleg i samband med revidert budsjett.

**AVRØYSTING:**

Rita Tveiten, AP, sitt framlegg vart samrøystes vedteke

-----

Det var elles ingen merknader til referatsakene

**FS - 026/22 VEDTAK:**

**Referatsakene vert tekne til vitande med slikt tillegg til RS2: Administrasjonen kjem attende til formannskapet om korleis ei finansiering av ei kompetanseheving innan vilt og skogforvaltning kan løysast. Saka bør kunne vedtakast endeleg i samband med revidert budsjett.**

-----

**027/22: Konkurransetsetting av reinhaldstenesta i Osterøy kommune**

**Rådmannen sitt framlegg:**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Rådmannen rår til å konkurransetsetje kommunalt reinhald. Grunngevinga for dette er at det vil gi ei stor økonomisk innsparing for kommunen. Rådmannen får fullmakt til å fullføre konkurransen og inngå kontrakt med tilbydar med beste tilbod i samsvar med rådmannen si innstilling.

Viss heradsstyret vel å ikkje følgje rådmannen si tilråing er alternativt vedtak:

Konkurransen skal avsluttast utan tildeling av kontrakt.

**23.03.2022 FORMANNSKAPET**

Innstilling frå Administrasjonsutvalet: "Osterøy kommune konkurransetset ikkje reinhaldstenesta. Konkurransen skal avsluttast utan tildeling av kontrakt."

Henrik Øksnes, FRP, gjorde slikt framlegg:

"Osterøy kommune konkurransetsetter kommunalt reinhald. Grunngevinga for dette er at det vil gi ei stor økonomisk innsparing for kommunen. Rådmannen får fullmakt til å fullføre konkurransen og inngå kontrakt med tilbydar med beste tilbod i samsvar med rådmannen si innstilling"

**AVRØYSTING:**

Innstilling frå administrasjonsutvalet - 7 røyster (2SP,1H,1KRF,2AP,1SV)  
Framlegg frå Henrik Øksnes, FRP - 2 røyster (2FRP)

**FS - 027/22 VEDTAK:**

**Osterøy kommune konkurransetset ikkje reinhaldstenesta. Konkurransen skal avsluttast utan**

tildeling av kontrakt.

---

## **028/22: Utvidelse av parkeringsplass på Båtaleitet**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Heradsstyret gjer rådmannen mynde til å erverve grunn og utvide parkeringsplassen på Båtaleitet (gbnr 152/58) i tråd med saksframlegget.

### **23.03.2022 FORMANNSKAPET**

#### **AVRØYSTING:**

Samrøystes vedteke

#### **FS - 028/22 VEDTAK:**

Heradsstyret gjer rådmannen mynde til å erverve grunn og utvide parkeringsplassen på Båtaleitet (gbnr 152/58) i tråd med saksframlegget.

---

## **029/22: Regional transportplan - Innspel frå Osterøy kommune til økonomisk handlingsprogram og investeringsprogram 2022-2033**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Heradsstyret gjev følgjande innspel til økonomisk handlingsprogram og investeringsprogram som vist til under «Rådmannen si vurdering og framlegg til uttale frå Osterøy kommune».

### **23.03.2022 FORMANNSKAPET**

Hjalte H. Gislason, H, gjorde slikt endringsframlegg:

Svar på spørsmål 1:

Osterøy kommune er samd i rekkja Vestland fylkeskommune listar ut tiltakskategoriane på, frå trafikktryggleik og mindre utbetringar (først) til store vegprosjekt (sist), og at med ei slik prioritering vil ein kunne få mest veg for pengane samtidig som fleire kommunar vil sjå noko utbetring over tid. Vi vil føreslå at VLFK definerer tiltakskategoriane tydeleg og vurderer å innføra eigne pottar for desse etter mal frå tidlegare Hordaland fylkeskommune sin RTP 2018-2029. Storleiken på pottane bør reflektere VLFK sine prioriteringar til kvar tid.

Svar på spørsmål 2:

Med ein årleg pott på 200 mill. til strekningsvise utbetringar må ein venta at den går i sin heilskap til eitt einaste prosjekt kvart år. Ventelista vert lang for kommunane i Vestland fylke men Osterøy

kommune meiner at det likevel er betre å ha ei venteliste enn at døra er stengt.

I Osterøy kommune finst det per dags dato ingen vegar med funksjonsklasse B, noko kommunen har sterkt ønskje om å utfordra: Lange strekningar langs fylkesvegar 566 og 567 har årsdøgertrafikk på vel over 4000 kjørety og har ein sers viktig funksjon for både lokalt og regionalt næringsliv, og for brann og redning både i kommunen og langs E16. Første spadetak for Espevoll næringsområde var tatt i februar i år og området vil fort verta viktig for heile regionen med sin nærleik til Europavegen, om lag seks kilometer unna. På vegen til det nye næringsområdet må ein igjennom Vesetgjelet der vegen er smal, bratt, svingut og heilt utan moglegheiter for mjuke trafikantar å ferdast. Utbetring av denne vegstrekninga på 2,3 km var ferdig regulert i 2016 (plan ID 12532010005) og har som føremål å leggja betre tilrette for skuleskyss, gåande og syklande, og for venta næringstrafikk til Espevoll. Vi meiner at dette prosjektet er ein sers god kandidat for ei strekningsvis utbetring av ein regional hovudveg.

Svar på spørsmål 3:

Mykje av vegutbetringa langs fylkesvegane i Osterøy kommune dei siste ti åra har kome som resultat av rekkjefølgjekrav på lokale utbyggjarar. Vi var så heldige at ved utbygging av Småland næringsområde (plan ID 12532014001) har Vestland fylkeskommune stilt opp med del av finansieringa for ei ny bru over elva. Vi meiner at slike spleiselagsordningar ofte er heilt naudsynte for å få realisert tiltak langs fylkesvegane der alternativet er at både lokale samfunnsutviklings- og næringsutviklingsprosjekt vert stogga eller skrinlagt. Vi ser eit tydeleg behov for ei ordning der kommunane kan søkje fylkeskommunen om midlar til slike spleiselag.

For å få meir veg for pengane er det høgst nødvendig at særskilt normalane for fortau og gang- og sykkelvegar kan verta tilpassa distrikta sine behov. Langs mesteparten av fylkesvegane i vår kommune finst det ikkje anna val enn å gå eller sykla på den stipla linja i kanten på vegbana. Difor vil det minste tiltak vera ei betring av stoda for mjuke trafikantar, om det så er gang- og sykkelveg med halv breidde i høve dagens normalar.

Når eit tiltak vel vert prioritert må det vera lov å ha nøkterne haldningar til dei faktiske behova i området. Vårt lokale skrekkeksempel er reliseringa av plan 504\_63 frå 2002 gjennom Hosanger sentrum der fortau fleire stader er like breie som sjølve vegbana. Lokale tilhøve og behov for trafiksikring var ikkje drivande for denne dimensjoneringa av prosjektet, og estetisk er dette vorte skjemma for bygda sitt kulturlandskap.

Svar på spørsmål 4:

Osterøy kommune vil innleia med å seie seg både takksam og nøgd med at prosjektet Loftås-Hauge langs Fv. 567 har fått ein plass på lista over tiltak for mjuke trafikantar i §5.6.5, og at det er prioritert allereie i komande periode 2023-2026. Realisering av prosjektet vil tyde mykje for trafikktryggleik, ferdsel til skule, og allmenn mobilitet i området.

Vi vurderer det som uheldig at Vesetgjelet ikkje har kome inn på noko liste i denne RTP-en for perioden fram til 2033 og ber om at prosjektet vert sett inn på lista i §5.6.6 Veganlegg.

Vi saknar også ferjesambandet mellom Breistein og Valestrand i RTP-en: Dette sambandet er sers viktig for næringslivet men kanskje enda viktigare for kollektivtrafikken i regionen. Om lag ein tredel av kommunen sine innbyggjarar pendlar til arbeid i (eller via) Bergen. Med to kanalar for offentleg transport - ein gjennom Arna og den andre gjennom Åsane - bidrar dette ferjesambandet til å spreie trafikken, til reduserte utslepp, og til å fremja bruk av kollektivtransport. Osterøy kommune ber om at det vert vurdert som offentleg ferjesamband snarast mogleg.

Osterøy kommune er nøgd med at fylkeskommunen ønskjer å arbeide for at det vert sett av meir

midlar til skredsikring. Dette er viktig og naudsynt. Likevel saknar vi visjonar om og midlar til førebyggjande tiltak i høve rassikring: Bruvikvegen Fv. 5418 er truleg den mest rasutsette vegen i Osterøy kommune der både innbyggjarar og vegeigar ville vore tent med ei geologisk kartlegging av rasfara med mål om førebyggjande arbeid heller enn reaktive reparasjonar.

Osterøy kommune saknar også eit fokus på veganlegg som er utsett for flaum, stormflo eller ein kombinasjon av desse. Fv. 567 gjennom Lonevåg sentrum er utsett for både desse og er ferdig regulert (plan ID 46302015001). Strekinga er i hjarta av kommunesenteret og manglar også heilt løysingar for mjuke trafikantar.

Oppsummering frå Osterøy kommune:

Dei viktigaste tiltaka for gang/sykkelveg for Osterøy kommune er:

1. Fv. 567 Loftås- Hauge
2. Fv. 567 Lonevåg sentrum

Dei viktigaste utbetringane av veg er:

1. Fv. 566 Vesetgjelet (er også viktig i høve løysing for gang/sykkelveg)
2. Fv. 567 Lonevåg sentrum (er også viktig i høve løysing for gang/sykkelveg)

Tidlegare har Osterøy kommune spelt inn Fv. 5418 Bruvikvegen som den viktigaste i høve skredsikring på Osterøy.

#### **AVRØYSTING:**

Hjalti H. Gislason, H, sitt endringsframlegg vart samrøystes vedteke

#### **FS - 029/22 VEDTAK:**

Heradsstyret gjev følgjande innspel til økonomisk handlingsprogram og investeringsprogram:

##### **Svar på spørsmål 1:**

Osterøy kommune er samd i rekkja Vestland fylkeskommune listar ut tiltakskategoriene på, frå trafikktryggleik og mindre utbetringar (først) til store vegprosjekt (sist), og at med ei slik prioritering vil ein kunne få mest veg for pengane samtidig som fleire kommunar vil sjå noko utbetring over tid. Vi vil føreslå at VLFK definerer tiltakskategoriene tydeleg og vurderer å innføra eigne pottar for desse etter mal frå tidlegare Hordaland fylkeskommune sin RTP 2018-2029. Storleiken på pottane bør reflektere VLFK sine prioriteringar til kvar tid.

##### **Svar på spørsmål 2:**

Med ein årleg pott på 200 mill. til strekningsvise utbetringar må ein venta at den går i sin heilskap til eitt einaste prosjekt kvart år. Ventelista vert lang for kommunane i Vestland fylke men Osterøy kommune meiner at det likevel er betre å ha ei venteliste enn at døra er stengt.

I Osterøy kommune finst det per dags dato ingen vegar med funksjonsklasse B, noko kommunen har sterkt ønskje om å utfordra: Lange strekingar langs fylkesvegar 566 og 567 har årssdøgertrafikk på vel over 4000 kjøreyt og har ein sers viktig funksjon for både lokalt og regionalt næringsliv, og for brann og redning både i kommunen og langs E16. Første spadetak for Espevoll næringsområde var tatt i februar i år og området vil fort verta viktig for heile regionen med sin nærleik til Europavegen, om lag seks kilometer unna. På vegen til det nye næringsområdet må ein igjennom Vesetgjelet der vegen er smal, bratt, svingut og heilt utan moglegheiter for mjuke trafikantar å ferdast. Utbetring av denne vegstrekinga på 2,3 km var ferdig regulert i 2016 (plan ID 12532010005) og har som føremål å leggja betre tilrette for skuleskyss, gåande og syklande, og for

venta næringstrafikk til Espevoll. Vi meiner at dette prosjektet er ein sers god kandidat for ei strekningsvis utbetring av ein regional hovudveg.

**Svar på spørsmål 3:**

Mykje av vegutbetringa langs fylkesvegane i Osterøy kommune dei siste ti åra har kome som resultat av rekkjefølgjekrav på lokale utbyggjarar. Vi var så heldige at ved utbygging av Småland næringsområde (plan ID 12532014001) har Vestland fylkeskommune stilt opp med del av finansieringa for ei ny bru over elva. Vi meiner at slike spleiselagsordningar ofte er heilt naudsynte for å få realisert tiltak langs fylkesvegane der alternativet er at både lokale samfunnsutviklings- og næringsutviklingsprosjekt vert stogga eller skrinlagt. Vi ser eit tydeleg behov for ei ordning der kommunane kan søkje fylkeskommunen om midlar til slike spleiselag.

For å få meir veg for pengane er det høgst nødvendig at særskilt normalane for fortau og gang- og sykkelvegane kan verta tilpassa distrikta sine behov. Langs mesteparten av fylkesvegane i vår kommune finst det ikkje anna val enn å gå eller sykla på den stipla linja i kanten på vegbana. Difor vil det minste tiltak vera ei betring av stoda for mjuke trafikantar, om det så er gang- og sykkelveg med halv breidde i høve dagens normalar.

Når eit tiltak vel vert prioritert må det vera lov å ha nøkterne haldningar til dei faktiske behova i området. Vårt lokale skrekkeeksempel er reliseringa av plan 504\_63 frå 2002 gjennom Hosanger sentrum der fortau fleire stader er like breie som sjølve vegbana. Lokale tilhøve og behov for trafiksikring var ikkje drivande for denne dimensjoneringa av prosjektet, og estetisk er dette vorte skjemma for bygda sitt kulturlandskap.

**Svar på spørsmål 4:**

Osterøy kommune vil innleia med å seie seg både takksam og nøgd med at prosjektet Loftås-Hauge langs Fv. 567 har fått ein plass på lista over tiltak for mjuke trafikantar i §5.6.5, og at det er prioritert allereie i komande periode 2023-2026. Realisering av prosjektet vil tyde mykje for trafikktryggleik, ferdsel til skule, og allmenn mobilitet i området.

Vi vurderer det som uheldig at Vesetgjelet ikkje har kome inn på noko liste i denne RTP-en for perioden fram til 2033 og ber om at prosjektet vert sett inn på lista i §5.6.6 Veganlegg.

Vi saknar også ferjesambandet mellom Breistein og Valestrand i RTP-en: Dette sambandet er sers viktig for næringslivet men kanskje enda viktigare for kollektivtrafikken i regionen. Om lag ein tredel av kommunen sine innbyggjarar pendlar til arbeid i (eller via) Bergen. Med to kanalar for offentleg transport - ein gjennom Arna og den andre gjennom Åsane - bidrar dette ferjesambandet til å spreie trafikken, til reduserte utslepp, og til å fremja bruk av kollektivtransport. Osterøy kommune ber om at det vert vurdert som offentleg ferjesamband snarast mogleg.

Osterøy kommune er nøgd med at fylkeskommunen ønskjer å arbeide for at det vert sett av meir midlar til skredsikring. Dette er viktig og naudsynt. Likevel saknar vi visjonar om og midlar til førebyggjande tiltak i høve rassikring: Bruvikvegen Fv. 5418 er truleg den mest rasutsette vegen i Osterøy kommune der både innbyggjarar og vegeigar ville vore tent med ei geologisk kartlegging av rasfara med mål om førebyggjande arbeid heller enn reaktive reparasjonar.

Osterøy kommune saknar også eit fokus på veganlegg som er utsett for flaum, stormflo eller ein kombinasjon av desse. Fv. 567 gjennom Lonevåg sentrum er utsett for både desse og er ferdig regulert (plan ID 46302015001). Strekninga er i hjarta av kommunesenteret og manglar også heilt løysingar for mjuke trafikantar.

**Oppsummering frå Osterøy kommune:**



Dei viktigaste tiltaka for gang/sykkelveg for Osterøy kommune er:

1. Fv. 567 Loftås- Hauge
2. Fv. 567 Lonevåg sentrum

Dei viktigaste utbetringane av veg er:

1. Fv. 566 Vesetgjelet (er også viktig i høve løysing for gang/sykkelveg)
2. Fv. 567 Lonevåg sentrum (er også viktig i høve løysing for gang/sykkelveg)

Tidlegare har Osterøy kommune spelt inn Fv. 5418 Bruvikvegen som den viktigaste i høve skredsikring på Osterøy.

---

### **030/22: Oppstart prosjekt Omsorg+**

**Rådmannen sitt framlegg:**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Heradsstyret vedtar lokalisering av Omsorg+ på Hauge, i tilknytning til Osterøytunet. Arbeidet med å kartlegge omfang av prioriterte tenester i dei ulike byggetrinna held fram. Når innhaldet i bestilling av prosjektet er klargjort vil det bli lagt fram for heradsstyret til drøfting og vedtak. Heradsstyret skal jamnleg orienterast om framdrift i arbeidet.

### **23.03.2022 FORMANNSKAPET**

Kommunalsjef for Helse, Omsorg og Sosial møtte for å leggje fram saka for formannskapet og svare på spørsmål.

---

### **AVRØYSTING:**

Samrøystes vedteke

### **FS - 030/22 VEDTAK:**

Heradsstyret vedtek lokalisering av Omsorg+ på Hauge, i tilknytning til Osterøytunet. Arbeidet med å kartlegge omfang av prioriterte tenester i dei ulike byggetrinna held fram. Når innhaldet i bestilling av prosjektet er klargjort vil det bli lagt fram for heradsstyret til drøfting og vedtak. Heradsstyret skal jamnleg orienterast om framdrift i arbeidet.

---

### **031/22: Oppstart planarbeid - Temaplan for naturmangfald**

**Rådmannen sitt framlegg:**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Det vedtas oppstart av temaplan for naturmangfald. Planen skal ferdigstillast i løpet av 2023.

## 02.03.2022 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL

### AVRØYSTING:

Samrøystes vedteke

### PL - 024/22 VEDTAK:

Heradsstyret vedtek oppstart av temaplan for naturmangfald

## 23.03.2022 FORMANNSKAPET

### AVRØYSTING:

Samrøystes vedteke

### FS - 031/22 VEDTAK:

Heradsstyret vedtek oppstart av temaplan for naturmangfald

---

## 032/22: Samarbeidsavtale om interkommunalt vertskommunesamarbeid for Osterøy og Vaksdal barnevern

### **Rådmannen sitt framlegg:**

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Osterøy kommune vedtar samarbeidsavtalen for etablering av interkommunalt samarbeid om barnevern slik den ligg føre.

Rådmannen i Osterøy får fullmakt til å overta vertskommuneansvar for barnevernet i Vaksdal kommune. Rådmannen samarbeider med rådmennene i dei andre kommunane om ein plan for oppstart og implementering. I den grad implementering ikkje kan løysast innanfor vedtekne rammer, eller ekstern finansiering, vert dette reist i eigen sak for kommunestyret.

Heradsstyret i Osterøy gir rådmannen fullmakt til å finna ei utforming på namnet for det interkommunale barnevernet, som vil ivareta behovet for å identifisera barnevernet også på vegne av Vaksdal kommune.

## 23.03.2022 FORMANNSKAPET

### AVRØYSTING:

Samrøystes vedteke

### FS - 032/22 VEDTAK:

Osterøy kommune vedtar samarbeidsavtalen for etablering av interkommunalt samarbeid om

barnevern slik den ligg føre.

Rådmannen i Osterøy får fullmakt til å overta vertskommuneansvar for barnevernet i Vaksdal kommune. Rådmannen samarbeider med rådmennene i dei andre kommunane om ein plan for oppstart og implementering. I den grad implementering ikkje kan løysast innanfor vedtekne rammer, eller ekstern finansiering, vert dette reist i eigen sak for kommunestyret.

Heradsstyret i Osterøy gir rådmannen fullmakt til å finna ei utforming på namnet for det interkommunale barnevernet, som vil ivareta behovet for å identifisera barnevernet også på vegne av Vaksdal kommune.

---

### **033/22: Utbetaling av vedteke tilskot til Fotlandsvåg IL**

#### **Rådmannen sitt framlegg:**

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Osterøy kommune betalar ut tidlegare vedteke tilskot på kr. 400.000,- (jf. HS 016/18) til bygging av reiskapshus på del-friidrettsanlegget i regi av Fotlandsvåg IL. Investeringsbudsjettet for 2022 vert justert tilsvarande. Midlane vert henta etter ramme frå sektor for Oppvekst, Undervisning og Kultur.

#### **23.03.2022 FORMANNSKAPET**

Det er ein skrivefeil i rådmannen sitt framlegg til vedtak: i stadenfor "til bygging av reiskapshus" skal det stå "til bygging av del-friidrettsanlegg".

#### **AVRØYSTING:**

Samrøystes vedteke

#### **FS - 033/22 VEDTAK:**

Osterøy kommune betalar ut tidlegare vedteke tilskot på kr. 400.000,- (jf. HS 016/18) til bygging av del-friidrettsanlegget i regi av Fotlandsvåg IL. Investeringsbudsjettet for 2022 vert justert tilsvarande. Midlane vert henta etter ramme frå sektor for Oppvekst, Undervisning og Kultur.

---

### **034/22: Kapitalinnskot - Osterøy utvikling**

#### **Rådmannen sitt framlegg:**

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Osterøy kommune godkjenner styret i Osterøy Utvikling AS sin innstilling på endring av §4 i vedtektene. Endringa lyder slik:

«Aksjekapitalen er NOK 500.000,00 fordelt på 3.125 aksjar à kr. 160,00.»

#### **23.03.2022 FORMANNSKAPET**

**AVRØYSTING:**

Samrøystes vedteke

**FS - 034/22 VEDTAK:**

Osterøy kommune godkjenner styret i Osterøy Utvikling AS sin innstilling på endring av §4 i vedtektene. Endringa lyder slik: «Aksjekapitalen er NOK 500.000,00 fordelt på 3.125 aksjar à kr. 160,00.»

---

**035/22: Hamre kyrkjestad - 1000 år**

**Rådmannen sitt framlegg:**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

**Osterøy bibliotek takkar nei til invitasjon til medlemskap i Hamre kyrkjestad – 1000 år.**

**Osterøy kommune takkar ja til invitasjon til meldemsskap i Hamre kyrkjestad – 1000 år.  
Herradsstyret vel 2 representantar + ein vararepresentant til styret.**

**Medlemskontingenten på kr 150.000,- for 3 år (kr 50.000,- pr år) vert dekka frå ramme for sektor for Oppvekst, Undervisning og Kultur.**

**23.03.2022 FORMANNSKAPET**

**AVRØYSTING:**

Samrøystes vedteke

**FS - 035/22 VEDTAK:**

**Osterøy bibliotek takkar nei til invitasjon til medlemskap i Hamre kyrkjestad – 1000 år.**

**Osterøy kommune takkar ja til invitasjon til meldemsskap i Hamre kyrkjestad – 1000 år.**

**Herradsstyret vel 2 representantar + ein vararepresentant til styret.**

**Medlemskontingenten på kr 150.000,- for 3 år (kr 50.000,- pr år) vert dekka frå ramme for sektor for Oppvekst, Undervisning og Kultur.**

---

**036/22: Andre saker/spørsmål**

**Rådmannen sitt framlegg:**

### **23.03.2022 FORMANNSKAPET**

Turid B. Njåstad, SP, hadde slikt spørsmål:

"Kommunen har dei to siste åra motteke stimuleringsstilskot for å kunne ha ein tredelt vaktordning. Utfordringa er at det er stor utskifting og at ein ikkje klarar å få veterinærane til å bli verande. Det skuldast mellom anna at det er for lite arbeid på dagtid og dermed for lita inntening til den enkelte veterinær. Kommunen har lyst ut stilling ved fleire høve i tillegg til at veterinærane har nytta nettverket sitt og sosiale medier.

I år har det vore ekstra kritisk med at alle veterinærane har hatt korona og til dels samstundes. Det same gjeld andre vaktdistrikt. Ved ein anledning hadde ikkje kommunen veterinær på vakt i eit døgn. Då steppa leiar for teknisk forvaltning inn og tok ansvar for vakttelefonen. Det er ikkje ønskjeleg, men var einaste løysing i ein utruleg krevjande situasjon. Det oppstod heldigvis ingen akutte situasjonar.

Veterinærane samarbeidar med andre så langt det let seg gjere. Ein av veterinærane har ein deltidsstilling i kommunen. Vi har søkt om stimuleringsstilskot for 2022."

Rådmannen gav slikt svar:

"Kommunen har dei to siste åra motteke stimuleringsstilskot for å kunne ha ein tredelt vaktordning. Utfordringa er at det er stor utskifting og at ein ikkje klarar å få veterinærane til å bli verande. Det skuldast mellom anna at det er for lite arbeid på dagtid og dermed for lita inntening til den enkelte veterinær. Kommunen har lyst ut stilling ved fleire høve i tillegg til at veterinærane har nytta nettverket sitt og sosiale medier.

I år har det vore ekstra kritisk med at alle veterinærane har hatt korona og til dels samstundes. Det same gjeld andre vaktdistrikt. Ved ein anledning hadde ikkje kommunen veterinær på vakt i eit døgn. Då steppa leiar for teknisk forvaltning inn og tok ansvar for vakttelefonen. Det er ikkje ønskjeleg, men var einaste løysing i ein utruleg krevjande situasjon. Det oppstod heldigvis ingen akutte situasjonar.

Veterinærane samarbeidar med andre så langt det let seg gjere. Ein av veterinærane har ein deltidsstilling i kommunen. Vi har søkt om stimuleringsstilskot for 2022.

Når det gjeld spørsmålet om ein kan tilsetje veterinær som i deler av stillinga kan løyse kommunale oppgåver er dette uråd å svare på i dag. Vi har ikkje hat tid til å vurdere dette nærare og kan difor ikkje gje eit godt svar."

### **FS - 036/22 VEDTAK:**

Det vert ikkje gjort noko vedtak i saka

-----

### **037/22: Busetting av flyktningar 2022**

**Rådmannen sitt framlegg:**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

**Osterøy kommune buset inntil 65 flyktningar i 2022.**

**Ramma for «Kjøp av eigedom/innløysing av grunn» under sektor for samfunnsutvikling i investeringsbudsjettet vert auka med 20 millionar, til totalt 23.000.000,- kr.**

### **23.03.2022 FORMANNSKAPET**

Hjalti H. Gislason, H, gjorde slikt endringsframlegg:

"Første setning vert endra til:

Osterøy kommune ønskjer å stilla opp for å hjelpa i denne krisa som har oppstått. Kommunen rustar seg snarast for å i første omgang ta imot 65 flyktningar.

Grunngjeving:

Vi anar enno ikkje omfanget av krisa og det er fare for at ho vert meir alvorleg enn ho allereie er og at vi må stilla opp i enda større grad. Vi må førebu oss alt no på alle område før flyktningane er her og treng både bustad og anna hjelp."

Ragnar Tyssebotn, FRP, gjorde slikt framlegg:

Osterøy kommune vedtek å ta imot 100 flyktningar med statsborgarskap frå Ukraina med omgåande virkning. Osterøy kommune etablerer hustander i kommunale bygg med dertil eigna fasiliteter, for eksempel kan bruk skule ver eit av dei.

Roald Åge Kleppe, SV, gjorde slikt framlegg:

Osterøy kommune tek imot 100 flyktningar.

#### **AVRØYSTING:**

Ragnar Tyssebotn, FRP, sitt framlegg: 1 røyst (FRP)

Roald Åge Kleppe, FRP, sitt framlegg: 1 røyst (SV)

Rådmannen sin innstilling: samrøystes vedteke

Hjalti H. Gislason, H, sitt framlegg: samrøystes vedteke

#### **FS - 037/22 VEDTAK:**

**Osterøy kommune ønskjer å stilla opp for å hjelpa i denne krisa som har oppstått. Kommunen rustar seg snarast for å i første omgang ta imot 65 flyktningar.**

Grunngjeving:

Vi anar enno ikkje omfanget av krisa og det er fare for at ho vert meir alvorleg enn ho allereie er og at vi må stilla opp i enda større grad. Vi må førebu oss alt no på alle område før flyktningane er her og treng både bustad og anna hjelp.

**Ramma for «Kjøp av eigedom/innløysing av grunn» under sektor for samfunnsutvikling i investeringsbudsjettet vert auka med 20 millionar, til totalt 23.000.000,- kr.**

---

Til å skriva under møteprotokollen saman med ordførar vart desse valde: Hjalti H. Gislason og Bjarte H. Aarland

Lonevåg, 23.03.2022

Runar Ludvigsen  
Sekretær